

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 4. desember 2023 kl. 13.15-15.15

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til stades: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitenskap), Carl Börstell (språkvitenskap), Helga Mannsåker (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Ulla Kallenbach (teatervitenskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Fredrik Parelius (lektorutdanninga), Lykke Løseth, Martin Borgar Nilsen, Pernille Fosse (studentrepresentantar), Helga Ramstad Vatsaas (sekretær)

Frå administrasjonen: Amund Sørås, Lisa Dalby, Lene Tøftestuen

Meldt forfall: Jens Eike Schnall

Saksliste

UUI-sak 17/23: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat.....	1
UUI-sak 18/23: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar	1
Orienteringssak 2: Arbeid med årshjul.....	2
Orienteringssak 3: Skifte i leiargruppa ved LLE frå januar 2024.....	2
Orienteringssak 4: Omorganisering i administrasjonen.....	3
UUI-sak: 19/23 Vedtakssaker	3
Vedtakssak 1: Møtedatoar for UUI 2024.....	3
UUI-sak 20/23: Drøftingssaker	3
Drøftingssak 1: Innspel til studieporteføljeprojektet, spørsmål til programstyra	3
UUI-sak 21/23: Ymist.....	5

UUI-sak 17/23: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat

Vedtak: UUI godkjenner innkalling, saksliste og referat (vedlagt)

UUI-sak 18/23: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene fekk *tre* minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Studentane: Mykje har skjedd på kort tid. Litt travelt. Mange har kjent at dei ikkje har hatt tid til å delta på sosiale tilstellingar. Ros til DKT100. Emnet har fungert veldig godt så langt. Alt i alt har tida sidan førre møte vore bra.

Helga: Ikkje noko spesielt å melde.

Fredrik: Undervisninga er ferdig, eksamen står att. Fagmiljøet er i gang med planlegging av neste semester. Oppmøtet har vore godt og studentane har vore flinke til å svare på emneevalueringane. Elles ingenting å melde.

Frode: Programstyremøte i dag. Det kom ikkje fram noko nytt. Elles nye stillingar både i språk og didaktikk. Ser fram til å høyre meir. Vi er klare til neste semester. OK med ressursar.

Ilka: Godt oppmøte som vanleg. Ferdige med skriftleg eksamen, munnleg denne veka. Vi har halde ekstrakurs for flyktningar også dette semesteret, men ikkje neste. Vi har mange studentar (ca. 700 i semesteret) og skulle gjerne hatt ein eksamenskonsulent som kunne jobbe 100 % med norskkurs i eksamensperioden. Ilka er ferdig som fagkoordinator, Marianne van Baar tek over.

Calle: Travelt semester, men vi er snart i mål. Mykje skjer i fagmiljøet. To nye stipendiatar dette semesteret og éin eller to neste semester. I tillegg éin/to postdoktorar og ei fast stilling. Dette påverkar undervisninga og undervisningsplanlegginga. Seks innleverte masteroppgåver - eit høgt tal for lingvistikk.

Matti: Det har skjedd litt sidan førre møte. Ein har rydda opp i programmet, straumlinjeforma det og gjort det meir oversiktleg. Fem studentar har fullført kurs i avansert poesi – 500 % auke. Gode studenttal elles også.

Peter: Det går greitt. Semesteret har vore travelt. Ein del innleverte masteroppgåve. Vi er glade for at instituttet innvilgar pengar til undervisningsassistentar.

Ulla: Det går greitt også på teatervitskap. Studenttalet er høgare enn det ein eigentleg har kapasitet til, men dei klarar seg godt.

Orienteringssak 2: Arbeid med årshjul

Studieadministrasjonen arbeider med å lage eit årshjul med viktige datoar for dei vitskapleg tilsette. Lene Tøftestuen orienterte.

Hovudmålgruppa er nye tilsette og nye fagkoordinatorar, men årshjulet kan vere eit godt hjelpemiddel for alle vitskaplege tilsette som underviser.

Det er ønskeleg at årshjulet blir lagt ut på nett. Heming ber også om at det blir lagt fram for UUI når det er ferdig.

Orienteringssak 3: Skifte i leiargruppa ved LLE frå januar 2024

Heming H. Gujord orienterte.

Pär og Heming går av som høvesvis forskingskoordinator og undervisningskoordinator. Signe skal også vidare. Åslaug Ommundsen blir ny forskingskoordinator, Torodd Kinn blir ny undervisningskoordinator. Dei ressursane som går ut av fagmiljøa vil det bli kompensert for.

Orienteringssak 4: Omorganisering i administrasjonen

Administrasjonssjef Aleksander Morland orienterte.

Undervisningssida har, og treng, meir administrativ støtte enn forskningssida.

Vi "manglar" to i administrasjonen, ein studiekonsulent og ein forskingsrådgivar, men får berre erstatte éin. I tillegg skal fleire i administrasjonen ut i februar/mars. I første del av 2024 vil vi forsøke å omfordele arbeidsoppgåvene i studieadministrasjonen slik at vi greier oss med éin mindre, og på sikt tilsette ein forskingsrådgivar. Då må vi mellom anna sjå på kva nivå av studieadministrativ støtte vi kan tilby fagmiljøa. Vi har i dag for lite støtte til forskning. Det økonomiske er også eit aspekt. Eksternfinansiering blir viktigare. Studieprogramporteføljeprojektet kan også få noko å seie.

Frode: Fagmiljøa/fagkoordinatorane bør konsulterast.

Ulla: Det er vanskeleg med ekstern finansiering når ein er treng heile staben til undervisning.

UUI-sak: 19/23 Vedtakssaker

Vedtakssak 1: Møtedatoar for UUI 2024

Måndag 5. februar

Måndag 18. mars

Måndag 10. juni

Måndag 2. september

Måndag 21. oktober

Måndag 2. desember

Vedtak: UUI godkjenner møtedatoane for 2024.

UUI-sak 20/23: Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Innspel til studieporteføljeprojektet, spørsmål til programstyra

Arbeidsgruppa for studieporteføljeprojektet har nokre spørsmål som dei ønsker at programstyra skal svare på. Frist for skriftleg innspel er 19. januar, og dette skal leverast til instituttleiar.

Sjå e-post frå visedekan for utdanning, Svein Ivar Angell

Kjære alle,

Arbeidsgruppa for studieporteføljeprojektet har brukt tida fram til no på å konkretisere og operasjonalisera mandatet som fakultetsstyret har vedteke. Det har òg vore sentralt å finne ei retning for korleis fagmiljøa og studentane skal kunne gje innspel til det vidare arbeidet i prosjektet. Etter møtet i arbeidsgruppa 17. november sit vi igjen med følgjande forslag til premiss for prosjektet:

- Studieporteføljeprojektet skal som utgangspunkt konsentrere seg om HF sine bachelorprogram
- Prosjektet skal kome med tilrådingar til studieprogram med tydelegare arbeidsrelevans
- Prosjektet skal sikre berekraftig ressursbruk, som vil innebære ei effektivisering av ressursbruken knytt til undervisning

Desse premissane er, slik arbeidsgruppa ser det, i tråd med mandatet vi fekk av fakultetsstyret.

Arbeidsgruppa vil gjerne ha innspel på og tankar kring følgjande spørsmål frå alle fagmiljø ved HF. Vi vil at fagmiljøa grunngir svara sine i eit skriftleg innspel som blir levert til instituttleiar innan 19. januar 2024.

Spesialisering

Korleis stiller fagmiljøa seg til å erstatte delar av spesialiseringa i BA-programma med tematiske emnepakkar og/eller fellesemne på tvers av fagmiljø/institutt, til dømes ved at 60 studiepoeng av spesialiseringa framleis er "rein" disiplin, og at 30 studiepoeng kan vere frå tverrfaglege emnepakkar/fellesemne. Kva er moglege gevinstar og fallgruver ved dette? Kva skal til for å opprette gode samarbeidskonstellasjonar for tverrfaglegheit? Har de framlegg til moglege tematiske emnepakkar/fellesemne?

Tentative døme på emnepakke: "Antikken" – som kan kombinere emne frå AHKR og LLE: arkeologi, historie, religionsvitskap, klassisk og kunsthistorie.

Døme på eksisterande/tidlegare fellesemne: [SEK100](#), LINGMET, TRANSHF etc.

Struktur/frie studiepoeng

Korleis stiller fagmiljø seg til at dei 60 frie studiepoenga i dagens BA-struktur blir "strammare styrt", anten ved obligatoriske emne, sterkare tilrådingar, tverrfaglege emnepakkar med klar arbeidsrelevans etc.?

Døme på dette kan vera eit fellesemne i kulturminneforvaltning/digital humaniora/ informasjonsarbeid/arkivarbeid/andre reine praksisemne etc.

Har de forslag til moglege emnepakkar med klar arbeidsrelevans?

Obligatorisk utveksling/internasjonalisering

Kva ser fagmiljøa som gevinstar og fallgruver ved å innføre obligatorisk utveksling som del av bachelorgrad ved HF? Er det andre tiltak som kunne auka utveksling på programma?

På vegner av arbeidsgruppa for studieporteføljeprojektet

Svein Ivar Angell

Undervisningskoordinator innleiar og opnar for diskusjon.

Peter: Dette med emnepakkar høyrer greitt ut.

Ulla: Viss berre 60 studiepoeng skal vere rein disiplin, blir det veldig lite fag att.

Heming: Heller ikkje lektorutdanninga har 90 studiepoeng spesialisering, men det har fungert godt.

Frode: Desse spørsmåla må diskuterast i fagmiljøa/programstyra. Usikker på om det har nokon verdi å drøfte dei her før det. Har spørsmålet om struktur/frie studiepoeng berre med arbeidslivsrelevans å gjere?

Heming: Både arbeidslivsrelevans og ressursbruk/effektivisering.

Martin: Eg meiner at stor valfridom kan gjere det vanskeleg for studentane, men meiningane vil nok vere delte.

Ulla: Korleis tenker ein at strammare styrte frie studiepoeng skal kombinerast med obligatorisk utveksling?

Calle: Kva er den konkrete fordelene av at fleire reiser på utveksling?

Frode: Obligatorisk utveksling kan verke avskrekkande. Stiller meg spørjande til korleis det kan bidra til auka gjennomføring.

Fleire er samde i dette.

Heming: Det er interessant å sjå til andre studieprogram som har obligatorisk utveksling og som fungerer godt. Det er positivt å gjere det tydelegare at utveksling er eit reelt val.

UUI-sak 21/23: Ymist

Ingen saker blei melde.